




- eit fyrtårn i vest

Rammeverk for KI i skulen

Øygarden kommune



Det er essensielt at både lærarar og elevar får opplæring i korleis desse verktøya fungerer og beste praksis for deira bruk. Dette inkluderer opplæring i etiske retningslinjer, personvern, og tryggleiksspekt ved bruk av KI. Ved å etablere klare føringar og tilby grundig opplæring, kan skular utnytte potensialet som ligg i KI-teknologi på ein måte som gjev rikdom til undervisninga og førebur elevane på ei framtid der digital kompetanse er nøkkelen

Generelle føringar for bruk

- All bruk skal vere lærar«styrt». Lærar bestemmer når, korleis og om ein skal nytte KI i undervisninga
- Fokus på kva elevane skal lære, ikkje kva dei skal gjere
KI er god på å gjere oppgåver, fokuser på kva elevane skal lære i staden for kva oppgåver dei skal løyse.
- Personvern og tryggleik:
Sørg for at all bruk av KI overheld gjeldande personvernlover (t.d. GDPR i Europa). Det er viktig å anonymisere data der det er mogleg og sørgje for at informasjon ikkje kan sporast tilbake til individuelle elevar.

Etisk bruk:

Undervis elevar og lærarar i etisk bruk av KI, inkludert kva som er passande og kva som er manipulerande eller skadeleg bruk.

- Kjeldekritikk og digital literacy
Opplæring i kjeldekritikk og kritisk tenking bør vere ein integrert del av KI-undervisninga, slik at elevar lærer å vurdere informasjonen si truverdigheit og opphav.

Korleis bruke KI i skulen:

I skrivearbeid:

- Som sparringspartner og i idémyldring
- For å lage disposisjon eller skriverammer
- For å gi forslag til forbetringar
- Som verktøy for å rette grammatikk og stavefeil.
Det er viktig at elevar lærer å bruke desse verktøya som hjelpemiddel, ikkje som erstatning for eigen innsats. Hugs at ein ikkje kan stole på at tilbakemeldingane er rette og at språkforslaga til KI er korrekt.
- Hugs: fokus på originalitet og eigarskap
 - *Det er ikkje greitt å levere KI generert innhald som erstatning for eige arbeid!*
Elevane bør oppfordrast til å produsere originalt arbeid og bruke KI for å forsterke deira egne idear, ikkje kopiere eller la KI gjere heile jobben.

I munnleg arbeid

- Til førebuing og øving
KI kan brukast for å øve på presentasjonar eller munnlege framføringar gjennom simuleringar eller interaktive scenario.

- Som sparringspartner og i idémyldring
- Til å lage disposisjon for presentasjon

I lesing og tekstarbeid

- Til å forklare vanskelege ord/omgrep
- Til å lage samandrag, gloselister og oppgåver

Finn og søk

- **Hjelp til å lære søkestrategiar**
Undervis i effektive søkestrategiar ved hjelp av KI, inkludert korleis formulere spørsmål og vurdere relevansen av informasjonen som blir funnen.
- **Hugs: kritisk tenking**
Oppmuntring til kritisk tenking rundt søkjeresultat, og forståing av at ikkje all informasjon er like påliteleg eller relevant.
- **Hugs: Må lære kjeldetilvising**
Elevar bør lære korleis dei kan referere til informasjon funnen via KI på ein korrekt måte, inkludert korleis ein angir at idear eller hjelp har komme frå ein KI-basert kjelde.
- **Hjelp til sjekk av plagiat**
KI kan hjelpe til med å identifisere plagiat og sikre at elevar forstår viktigheita av akademisk integritet.

Vurdering

- Hjelp til øvespørsmål og refleksjon
- Hjelp til studieteknikk

Kilde: Perkins et al. (2023).
Navigating The Generative Ai Era:
Introducing The Ai Assessment
Scale For Ethical Genai
Assessment [Preprint].
<https://arxiv.org/ftp/arxiv/papers/2312/2312.07086.pdf>

1	NO AI	The assessment is completed entirely without AI assistance. This level ensures that students rely solely on their knowledge, understanding, and skills. AI must not be used at any point during the assessment.
2	AI-ASSISTED IDEA GENERATION AND STRUCTURING	AI can be used in the assessment for brainstorming, creating structures, and generating ideas for improving work. No AI content is allowed in the final submission.
3	AI-ASSISTED EDITING	AI can be used to make improvements to the clarity or quality of student created work to improve the final output, but no new content can be created using AI. AI can be used, but your original work with no AI content must be provided in an appendix.
4	AI TASK COMPLETION, HUMAN EVALUATION	AI is used to complete certain elements of the task, with students providing discussion or commentary on the AI-generated content. This level requires critical engagement with AI generated content and evaluating its output. You will use AI to complete specified tasks in your assessment. Any AI created content must be cited.
5	FULL AI	AI should be used as a 'co-pilot' in order to meet the requirements of the assessment, allowing for a collaborative approach with AI and enhancing creativity. You may use AI throughout your assessment to support your own work and do not have to specify which content is AI generated.

Når bør vi ikkje nytte KI

Å setje grenser for bruk av KI i undervisninga krev ein balansert tilnærming som vurderer teknologiens potensial mot avgrensingane og mogelege negative konsekvensar. Det er viktig å vere open for ny teknologi, samstundes som ein opprettheld eit kritisk blikk på korleis den blir brukt for å sikre at den tener elevens beste.

- **Når det går ut over personvern**

- Vi legg aldri inn sensitive personopplysningar i KI-verktøy.
- Ikkje bruk KI-verktøy som krev eller lagrar personleg eller sensitiv informasjon om elevar utan tilstrekkelege personvern- og datasikkerheitstiltak.

- **Når det fører til mangel på kritisk tenking**

- Dersom bruk av KI gjer at elevar blir passive mottakarar av informasjon, utan å utvikle evna til kritisk tenking og problemløysing på eiga hand.
- Bruk av KI bør unngåast i situasjonar der det kan oppmuntre til plagiering eller undergrave elevane si utvikling av eigen kunnskap og ferdigheiter.

- **Når det gir mangel på pedagogisk verdi**

- Om bruken av KI ikkje klart støttar læringsmåla eller pedagogikken i eit kurs eller ei aktivitet, bør det revurderast.
- Ein skal ikkje bruke KI som erstatning for mellommenneskeleg aktivitet, eller for å erstatte læraren i eit klasserom.

- **Når det fører til juks**

- Ein skal aldri bruke KI til å produsere tekst for seg eller svare for seg i ein vurderingssituasjon
- Ein skal aldri la KI erstatte eigen innsats og læring
- Lærarar skal ikkje bruke KI til vurdering